



Sak nr 38/2012

Møtedato: 7.11.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S538

S538 , Strø – utsett frist for fjerning av brakke

Eivind Egge v/Magne Egge søker om å få ha plassert ei brakke ved stølen i samband med restaurering av selet. Nærare orientering går fram av brev datert 15.8.11.

I sak 34/2011 gjorde fjellstyret følgjande vedtak: *Fjellstyret gir Magne Egge løyve til midlertidig plassering av brakka fram til 1.9.2012.*

I brev datert 22.9.12 søker Egge om å få utsett fristen med flytting av brakka til hausten 2013. Grunngeving for søknaden er at det har vore eit meir omfattande restaureringsarbeid enn det som var planlagt.

Vedtak:

Fjellstyret utsett frist med fjerning av brakke til hausten 2013.

Einstemmig vedteke.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 9.11.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Eivind Egge v/Magne Egge
Vestre Slidre kommune